

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

6. søndag i påsketida – 22. mai 2022

Preiketekst: Matt 6, 7-13

Lesetekst I: 1 Kong 3,5–14

Lesetekst II: Ef 3,14–21

Vår Far

Om dagen

Vi har nådd fram til siste søndag i påsketida. Bøn er dagens tema. Også dei truande sine bønner blir forvandla i lys av Jesu oppstode. Bøna er på ein heilt særskild måte eit pust av liv, av åndeleg liv, fordi den er uttrykk for ein relasjon, ein levande relasjon.

Om teksta

Preiketeksta er heller ikkje perifer; vi har framfor oss Herrens eiga mønsterbøn. Hos Lukas kjem den som eit svar på oppfordringa til Jesus om å lære disiplane å be. Her hos Matteus kjem den midt inne i Bergpreika, den store talen om disippellivet.

Avsnittet som Vår Far blir undervist inn i, handlar om korleis disiplane skal forvalte dei åndelege disiplinane; gåver til dei fattige, bønrelivet og faste. Alt dette er noko Jesus forutset at disiplane skal leve i og praktisere, men han vil lære dei ein annan veg enn den religiøse. Dei åndelege disiplinane skal ikkje vere rosverdige gjerningar eller offentlege demonstrasjonar av fromme liv. Dei skal heller ikkje vere intense formular som om vi kan manipulere Gud. Religiøs magi, enten den handlar om mange ord eller dei rette orda, er motsetning til å be i Ånd og sanning.

Derfor skal bønrelivet ikkje levast på utstilling, til hovmod for den meistrar det og til mismod for den som ikkje strekker til. Disippelens bøn høyrer primært til i det lukka rommet der ord og formuleringar ikkje er viktigast, men den nære relasjonen mellom Far og barn. Den truande har ingen annan mellom seg og Far i bønrelivet enn han som er mellommannen, Jesus Kristus. I hans namn har vi fri tilgang til nådens trone.

Eg vil stanse litt for det eine ordet «Far». Vi er godt kjende med at dette er rekna som eit utilbørleg namn på Allah. Derfor finns det ikkje mellom islams 99 namn for «Gud». Heller ikkje i jødane si gamle bok, GT, er det vanleg å kalle på Gud som Far. Vi finn nemninga eit par gongar i den seine delen av Jesaja-boka, men det er også alt. Så kan vi seie at nettopp den nære relasjonen til Gud er berande for mange av Salmane på ein slik måte dei ber eit preg av Far, men utan den nemninga. Sjølv om Jesu bruk av Far for Gud er eineståande i

tyngde og breidde, var det ikkje ukjent i samtida hans. Den deuterokanoniske Visdommens bok nyttar mellom anna Far fleire gongar om Gud.

Bergpreika er talen der nemninga Far hopar seg opp. Her ligg vekta på at han er disiplane sin Far, det vil seie vår Far. I Johannesevangeliet, der nemninga er elles er mest i bruk, ligg tyngdepunktet langt meir på Jesu unike relasjon som Son til Far.

Leseteksta frå Ef 3 for denne søndagen viser oss korleis Paulus også pusta i denne atmosfæren av nær relasjon. Han seier noko grunnleggande viktig til oss om kven som var Far først. Vi kan ofte møte innvendingar mot å tale om Gud som Far, fordi det vekker for mange vonde assosiasjonar hos menneske med dårlege erfaringar av far, enten han var fråverande eller autoritær. Mellom dei mange tinga som kan seiast om det, nemner eg berre Paulus sin berande tanke: Gud var Far først (Ef 3,14f). Det er forståeleg at mange projiserer sine bilde av far over på Gud, men det gir ikkje riktige bilde av Gud. Det er Gud som set standarden for kva det vil seie å vere Far. Vi som er jordiske fedrar, er kalla til å likne han.

Ein siste merknad til ordet Far. Grunnforma i bibelhebraisk er «ab», på arameisk «abba» og på gresk «pater». Vi høyrer av og til i nokre miljø at det eigentleg betyr «pappa», altså eit litt slang-prega og uformelt ord, kanskje med eit strøk av barnespråk i seg. Til det er å seie at ordet i dei nemnde språka ikkje er spesielt barnsleg. «Far» er den rimelege og beste omsettinga. I dette omgrepet ligg både det nære og relasjonelle som barnet kan ha til pappa, men også farsrolla som avgjerande sosial funksjon, familiens vern og tryggleik, jf. Guds omsorg for «enker og farlause». Jesus lærer oss også å be til «Vår Far i Himmelen», noko som signaliserer den opphøgde. La oss ikkje forkorte dette ein eller andre vegen. Gud, som vi ber til, bur i det høge og heilage – og hos den som er nedbøygd og knust i si ånd (Jes 57,13)

Bøna som Jesus lærer oss å be, har elles eit fullstendig preg. Vi seier ofte at den er delt i tre bønner som handlar om Gud og fire som handlar om menneskelivet. Tre er gjerne sett på som Guds tal, fire som verda eller menneska sit tal ut frå dei fire himmelretingane. Til saman blir det sju bønner, det fullkomne talet.

Dei tre første bønene går i retning av tilbeding. Verbformene som no er godt omsett med «la namnet ditt helgast, la riket ditt kome, la viljen din råde..» på begge norske målføre, er oppfordringar til Gud sjølv om å la det som ein gong skal bryte gjennom heilt og fullt, allereie no få nedslag midt mellom oss – og i oss. All bøn må forankrast her, i opphøginga av Guds namn, rike og vilje – og i vår overgjeving til dette.

Dei fire neste bønene rettar seg mot det livet vi lever: «Gi oss, tilgi oss, bær oss, frels oss». Denne rytmen er ikkje tatt vare på i omsettinga som blir brukt for tida. Vi legg merke til at desse bønene ikkje er «eg»-bønner. Det er bønner «vi» ber saman med heile den verdsvide kyrkja. I vår velfødde kultur der bøna om dagleg brød så å seie er blitt overflødig, er det viktig å tenke at kvar av oss ber denne bøna på vegner av det store fellesskapet, ikkje minst på vegner av lidande søsken under andre materielle vilkår enn oss. Skal vi i vår forvaltning også vere bøna si oppfylld?

Den avsluttande tilbedinga, som ikkje er i dei eldste tekstvitna, er nok komen inn fordi Herrens bøn tidleg kom i bruk som fast bøn i gudstenester og samlingar. Den gir bøna hennar rette ramme, som lovprising til Gud for hans rike, makt og ære.

Om preika

Det er skrive bøker og halde lange bibeltime- og Herrens bøn. Kvar skal vi starte og kva skal vi ta med i preika ein vanleg søndag? Vel, for det første demonstrerer det at minipreiker er nyttelause. Skal forkynnaren få med seg forsamlinga litt ned i det veldige stoffet, er ti-minutts-preike nesten å halde folk for narr. Eg oppfordra sterkt dei som kan det, til å legge opp ein bibeltime- og bønneserie om Vår Far som kombinerer undervisning og praksis, i tillegg til ei solid søndagspreike.

Til søndagspreika kan det velgast ulike modellar. Eg har med vilje overfokusert «Far» i denne gjennomgangen. Det er ein tematikk som ei preike kan byggast rundt. Preika kan også byggast over dei tre og dei frie bønene og aktualiserast med dei av bønene du som forkynnar meiner er viktig å adressere i din kontekst. I Herrens bøn møter vi også ulike bønetypar, med påkallinga av Gud og sentringa om han, med dei imperative bønenebehova og med tilbeding og lovprising. Det kan vere eit mål for forkynning og undervisning å breie ut denne vifta.

Bøn er dessverre blitt eit område som vi er litt forlegne av å snakke for ope om. Dels kan det skuldast at vi vil unngå Jesu skarpe klagemål mot fariseisk utstilling av åndeleg kompetanse. Dels kan det henge saman med opplevinga av å mislykkast og bere på dårleg samvit som kristen i møte med bøna sitt «krav». Her krevst det sjelesørgerisk innsikt hos forkynnaren, slik at bønnefrimod kan utviklast og utløysast. Nettopp derfor trur eg at ein inngang som legg vekt på barnets relasjon til den gode far kan vere god.

Rolf Kjøde

førstelektor, NLA Høgskolen

rolf.kjode@nla.no